

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 3

Arna Mars 1971

4. årgang

Ver her og vak med meg

Då dei so hadde sunge lovsongen, gjekk dei ut til Oljeberget. So kom dei til ein stad som heiter Getsemane. Då sa han til dei: Sit her medan eg gjeng der burt og bed. Og han tok med seg Peter og baa Sebedeussonene og tok til å syrgja og kvidast. So segjer han til dei: Mi sjel er sorgtyngd reint til dauden, ver her og vak med meg. So gjekk han eit lite stykke fram og la seg på kne og bad: Far, er det råd, so lat denne skáli takast ifrå meg. Men ikkje som eg vil, berre som du vil. Då han kom attende til læresveinane, såg han at dei sov. Då sa han til Peter: So var de ikkje godt til å vaka ein time med meg. Vak og bed so de ikkje skal koma i freisting. Andi er viljug, men kjøtet er veikt. So gjekk han burt andre gongen og bad: Far, kan ikkje dette takast ifrå meg, og lyt eg tōma skáli, so lat det vera som du vil. Då han kom attende, såg han at dei hadde sovna til att, for augo deira var tunge av svevn. Då let han dei vera og gjekk burt att og bad tridje gongen same bøni. So kom han att og sa til læresveinane: De søv og kviler de. Sjå no er stundi komi, og Menneskesonen skal gjevast yver i syndarhender. Statt upp og lat oss ganga. Svikaren er ikkje langt undan. Mt. 26.

Nådebordet

*Herre dekk no nådebordet
for kvar sjel i denne stund.
Lat oss alle høyra ordet
slik det lydde frå din mun.
Du må skapa helg av vyrkja
og vår sjel i trui styrkja
når me samlast i di kyrkja.
Her me er på heilag grunn.*

*Ordet går so vidt om vange.
Lat det strøyma til oss ned,
lik ein solglytt til dei mange
som no sukkar etter fred.
Lat du lovsong sjeli fylla,
og ditt ljøs vår kvardag gylla.
So me vil deg Herre hylla,
all din stordom fegnast ved.*

*Lat oss gløyma all vår vande
når me høyrer Herrens røyst.
Han vil renna ut sin Ande,
gje det tyngde hjarta trøyst.
Fegne vil me mot han treda
for vår takkesong å kveda
i den sigervisse gleda:
Han har våre lekkjer løyst.*

Nattverdssalme av ukjend forfattar.
Omsett til norsk av Eirik Skjerve.

TOMME KIRKER

De av oss som av og til besøker kirken om søndagen, vet at helt tom er den nå ikke. Men kirkebesøket har gått mye tilbake i vårt land de siste to hundre år. På 1700-tallet var det så selvsagt at man skulle i kirken, at de dansk-norske Kristian'er kunne tillate seg å stenge byportene om søndagen, og å straffe folk som vedvarende holdt seg borte fra kirken. I forrige århundre fylte kirken et sosialt behov særlig hos bygdefolket. Man gikk til kirken for å møtes. På kirkebakken fikk man høre siste nytt, og var man heldig, kunne man kanskje få slått av en handel også.

I dag er situasjonen en helt annen. «Det Beste» skrev for noen år siden. «Julaften er den dagen i året da du går i kirken og blir fornærmet på presten fordi han ikke husker deg igjen fra ifjor». (sitatet er dessverre ikke ordrett). D et er nok en kjerne av sannhet i denne påstanden.

Når man tar i betraktning at ca. 94 % av alle nordmenn er medlemmer i statskirken, må man kunne si at det er svært få som går i kirken en vanlig søndag.

Hvorfor er det slik? Det skyldes nok delvis de rent ytre omstendighetene. Samfunnsutviklingen har ført til at kirken har utspilt sin rolle som møtested. I dag foretrekker man å møtes på fjellet, på badestranden eller ved kinolokalene om søndagen. Underholdning kan man få gjennom radio og T.V. Vi skal heller ikke se bort fra at det kan være mange som følger med i gudstjenester gjennom radio.

Folks innstilling har forandret seg. Ola Nordmann får bedre og bedre opplysning, og dette fører til at han blir mer og mer kritisk — også overfor den kristne forkynnelsen. Så lenge vi har statskirke og en offisiell religion, vil vi nok også ha mange

kjølige medlemmer i kirken. Man er blitt døpt og konfirmert. Man har ikke noen spesiell grunn for å melde seg ut av statskirken, men man er ikke interessert i å delta i gudstjenesten heller. Mange er faktisk i tvil om hvorvidt de er kristne.

Kirken må nok selv ta en del av skylden for den lave besøksprosenten. Folk vil dra bort i helgene, eller i det minste ta seg en tur på fjellet om søndagen. Da passer det ikke så godt å møte opp i byen eller tettstedet til Gudstjeneste kl. 11.00 søndagsformiddag. Mange er misfornøyde med selve liturgien. Man synes gudstjenesten er lang og kjedelig. Dessverre er det stor uenighet om hvordan liturgien skal være.

Slik som forholdene er i dag, aktiviserer ikke kirken fantasilivet synderlig. Det foregår hele tiden en en-veis kommunikasjon, fra presten til tilhørerne. Dette har to farlige bivirkninger. Presten kan komme til å snakke forbi tilhørerne.

Han kan legge altfor stor vekt på emner og spørsmål som ikke har noen interesse eller betydning. Dessuten virker en sånn form uhyggelig passiviserende. Tilhørerne blir nesten apatiske.

Er det av det gode eller av det vonde at så få søker til kirken i vår tid? Når man skal ta stilling til dette spørsmålet, er det i grunnen helt avgjørende hvilket religiøst grunnsyn man har. En som mener at kirken bare villeder folk, vil nok finne det positivt at man foretrekker mosjon og frisk luft fremfor slik vranglære. Jeg kan godt forstå et slikt resonnement, men jeg mener at utgangspunktet er helt galt. Jeg trur på det budskapet som forkynnes i kirken, og jeg synes det er forferdelig at så få søker dit for å få kunnskap om den eneste veien til frelse. For meg har ingen andre argu-

menter vekt mot dette ene. Riktignok er det er trøst at man kan høre forkynnelsen i andre kristne forsamlinger, men man kan jo gå i kirken likevel.

Jeg synes derfor det er naturlig å avslutte med å peke på en del ting som kirken kan gjøre for å rette på dette misforholdet.

Man burde i større grad godta at folk ikke ønsker å sitte hjemme om søndagen. Man kunne f.eks. satse på å bygge sportskapell, slik man har gjort i Nordmarka utenfor Oslo. Man kunne gå mer over til kveldsgudstjenester, etter at folk var kommet hjem igjen. Man bør absolutt frigjøre seg fra de stive, høytidelige seremoniene i gudstjenesten.

— Jeg tror ikke det ville ha noen positiv virkning om man gikk bort fra statskirkeordningen. Riktignok ville vel da en større prosent av kirkens medlemmer besøke kirken, men det ville bare være fordi medlemstallet gikk ned.

Kanskje det ville hjelpe litt om man sluttet å klage over de lave besøkstallene?

Tenåring på 18.

SØNDAGEN

«Vi skal ikke handle som barbarer med den»

Kaj Munk skrev:

«Det bliver ikke bedre med vor verden inden søndagen atter bliver en hellig dag, der bringes til Guds ære og menneskesjæle-nes vederkvegelse. Søndagen skal ikke tyrannisere oss, men vi skal heller ikke handle som barbarer med den. Der må fra de kristne jordlag spire en fornyet forståelse av at det hævner sig lige groft at sjofle det tredje bud som noget av de andre».

Jeg er blitt mer og mer overbevist om at Kaj Munk har rett med sine sterke ord. Og er det virkelig sant at det blir ikke bedre med vår verden før søndagen igjen blir en

hellig dag, så må noen hver se hvor avgjørende et problem vi her står overfor.

Vi «sjofler» det tredje bud, mente Kaj Munk. Og hva annet kan det kalles når stadig voksende skarer ikke forbinder annet med søndagen enn fridag, soving ut- over formiddagen, motordur, hyttebygg, kinobesøk, sportsdag? Dagen som etter Guds innstiftelse er «Herrens dag», «Helligdagen»!

Johannes Smemo.

Arna L. M. F. jubilerer

For ei tid tilbake var det eit innlegg om L.M.F. i Kyrkjelydsbladet ved sokneprest Tesdal. For dei som ikkje las dette, kan ein nemna at L.M.F. står for Lærerinnenens Misjonsforbund. Det er ein organisasjon som har grupper av kristeleg interesserte lærarinner rundt i heile landet og også i andre land. Hovudoppgåva er å hjelpa fram den kristne misjon i dei landa ein har høve til det gjennom bøn og offer.

For 15 år sidan, 19. februar 1956, vart Arna L.M.F.-gruppe skipa. Gjennom desse åra har gruppa hatt regelmessige møte rundtom hjå dei ymse medlemene, og flokken har auka etter kvart.

Den 19. febr. 1971 hadde gruppa jubileumsmøte hjå fru Håøy, Indre Arna. Den nyvalde formannen, fru Brita Romslo, bar fram ordet frå 5 Mos. 4,31: «For Herren din Gud er ein miskunnsam Gud, han slepper deg ikkje og let deg ikkje ganga til grunne, han gløymer ikkje den pakta han gjorde med fedrene dine og det han då lova.» — Slik vart vi igjen minte om at om vi er ringe og trulause menneskeborn som ofte gløymer Gud og hans velgjerningar, så er Han så heilt onnorleis. Han tilgjer. Han held oss fast.

På dette møtet, som så mange gonger

elles, fekk vi eit friskt pust frå misjonsmarka i det fru misjonsprest Bjørsvik vitja oss. Ho tala over ordet i Preikaren 11. kap. vers 1: Send brødet ditt bort over vatnet, for i si tid skal du finna det att. Ein sender brød bort over vatnet, det blotnar og søkk. Finna det att? Det er i menneskelege augo umogeleg. Men det er dette som skjer i Guds rike. Gud gjer det umogelege mogeleg. Og det var fleire døme å finna på dette på misjonsmarka. Det var små heidningeborn som fekk lov å koma inn i stova til misjonæren. Det vart ikkje tala mykje der inne, men borna fekk enkle forteljingar og farga bilete frå Jesu liv. Og det som såleis vart sått, gav grøde. Det var mannen som kom til ein av dalane oppe mellom dei kinesiske fjella, han kunne ikkje ein gong språket til dei som budde der, men i tru til Gud delte han ut Johannes-evangeliet skrive på kinesisk. Det gav og grøde, det vart ein kyrkjelyd der etter den vitjinga. Guds ord vender ikkje tomt tilbake.

L.M.F. er gjerne ikkje eitt av dei «godt kjende» misjonslag, men vi som er med har den tru at det vesle vi får utføra i dette laget, vert velsigna av Gud. Han har bunde seg til sitt ord.

Så vil vi til slutt minna alle misjonsinteresserte om ordet i Gal. 6,9 som vi og fekk som helsing på jubileumsdagen vår: «Men lat oss ikkje verta trøytt av å gjera det gode, for i si tid skal me hausta, berre me ikkje trøytnar.»

Medlem av Arne L.M.F.-gruppe.

Vakre blomar frå
Trygve Garnes gartneri

Telefon 40401, Garnes
og utsal Indre Arna Tlf. 40415

Preste-mangel og talentjakt

Kan vi tenkje oss ein kyrkjelyd utan prest? Det kan vi snau. Like vel kan det bli aktuelt i åra som kjem. Vi har preste-mangel i kyrkja vår. Skorten kan vekse til prestenaud.

—Vi har rekna ut at fram til 1980 vil noko over 400 prestar gå av ved aldersgrensen. Tar vi med dei prestar som fell frå ved dødsfall og av andre grunnar, vil kyrkja miste minst 600 prestar i dette tiåret.

Det er generalsekretæren i Presteforeningen, Leif Ottersen, som teikner stoda slik for kyrkjebladet.

— Eg vil gjerne leggje fram desse tala for den einskilde i kyrkjelyden, seier Ottersen. Stoda kan bli kritisk utover i 70-åra, og det er noko som gjeld heile kyrkja.

— Kan den einskilde i kyrkjelyden gjera noko med dette?

— Det er nett det eg trur vi kan. Det kyrste vi kan gjera er å læra oss å verdsetja presten sitt arbeid i kyrkjelyden så høgt at vi ber for han og stødjær han. I den urolege tida vi har nå, er prestenesta meir krevjande enn nokon gong, og da er det om å gjera at andre i kyrkjelyden tar sin del av børen, så presten får tid til å vera prest. Noko anna vi kan gjera, er å vera med på ein «talent-jakt». Vi kan ikkje koma utanom at prestemangelen versnast i dei åra som kjem, men krisa kan kortast ned ved ei aulke i tilgangen på teologiske studentar. Det som kvar kyrkjelyd kan gjera, er å syne kristen ungdom kallet til ei spesiell teneste i kyrkja.

Sjølvsagt er det ikkje meir kristent å vera prest enn å vera i eit anna yrke, seier Ottersen. Men i åra som kjem, vil skorten på prestar bli så kritisk at det er grunnlag for å leggje kallet til prestenesta på dei unge på ein serskild måte.

Guds kjærleik

Guds kjærleik er som strandi og som graset, er vind og vidd, ein heim uendeleg.

Me fridom fekk å bu der, gå og koma, å seia ja til Gud og seia nei.

Me vil den fridom der me er oss sjølve, den fridom me kan gjera noko av, me vil ei rømd for dåd og dikt og draumar, ei jord der tre og blommar kan slå rot.

Og endå er det murar oss imellom, me gjennom gitter på kvarandre ser. I reddhug byggjer me vår eigen festning, vår brynje er vårt eige stengde eg.

Å døm oss Here, frikjenn oss i domen.

I di forlating me vår fridom finn.

Han rekk så langt og vidt din kjærleik strøymer, blant alle mannsborn, folk og rasar her.

Frå svensk v/ E.Skjerve.

LIV OG LÆRE

Bibelen seier at kristenlivet eigentleg skal vera eit liv i teneste. Er det så i vårt liv? Til ettertanke gjev vi her nokre glimt som handlar om teneste: kva Bibelen seier og kva vi seier — sett opp mot kvarandre:

«For eg var svolten, og de gav meg mat; eg var tyrst, og de gav med drikka; eg var heimlaus, og de hyste meg; eg var naken, og de klædde meg; eg var sjuk, og de såg um meg; eg var i fengsel, og de lydde til med.» (Matt. 25,35-36).

— Og kyrkjelyden gjekk oppbygd ut frå samveret. Gjennom byen, forbi ein eldre mann som kvar kveld sat for seg sjølv i porten, forbi uteliggjaren, ein full mann, born som slost, ei bøsse til Kirkens Nødhjelp, ei einsleg mor med det farlause barnet sitt, forbi. Og dei sa til kvarandre: Det er gildt å få eit møte med Jesus når vi samlast til møte.

«Det seier eg dykk for sant: Alt det de ikkje hev gjort mot ein av desse minste, det hev de ikkje gjort mot meg heller.» (Matt. 25,45).

Det er i røynda synd på alle desse menneska, jamvel om dei har skuld i det sjølve. Det er for gale at velferdsstaten ikkje meir ser ansvaret sitt — kva er det vi betaler skatt for?

«... han gjekk ikring og gjorde vel...» (Ap.gj. 10,38).

— Nei, det kan vi ikkje ta til med! Det blir gjernings-kristendom. Nei, kyrkjelyden si oppgave er å forkynne Guds ord...

«... men berre tru som er verksam gjennom kjærleik.» (Gal. 5,6).

Kan hende kjenner vi oss att? I alle høve er dette spørsmål som burde vedgå oss som kristne. Den som ynskjer å arbeide meir med det, kan få veta at sitata som er gjen-gjevne er henta frå innleiing til eit studieopplegg om «Tro og teneste» i fire hefte, som Diakonirådet har gjeve ut. Det høver godt til studiegrupper, men kan og nyttast til studium og ettertanke av den einskilde.

Teikninga gav han fred

I eit fengsel i Adelaide i Australia blir det regelmessig halde bibeltimar for dei innsette. Bibelselskapet gir gratis bibelskrifter til dette arbeidet. Leiaren fortel at han nyleg hadde kontakt med ein bulgarar blant fangane. Han hadde drept kona si og etter på freista å ta livet av seg sjølv. Tragédien hadde tydeleg samband med plager mannen hadde fått under harde år i konsentrasjonslæger. Etter drapet kom han i fengsel. I seks år hadde han fånytt bala for å finna fred og tilgjeving ved bøn og bot.

Så var det under ein bibeltime der dei heldt på med Romarbrevet, og dei nytta den illustrerte utgåva «Today's English

Version», som har ei mengd med teikningar av den verds kjente bibelillustratøren Anni Vallotten. Brått ropa han: «Nå ha eg funne det!» Det var illustrasjonen som hadde synt han svaret: han såg mannen med børa på rygg, og så legg han børa ned ved krossen og går rank og fri vidare. Fangen opplevde det som teikninga skildra.

— Det er fyrste gongen eg har vært vitne til at ei teikning har ført til omvendning, fortel leiaren av bibeltimene.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE I ARNA:

- 30.1. Bente Anita, foreldre: Bjørn Kristian Korneliussen og Orlog Marie f. Ramsdal.
- 13.2. Pål, for.: Bjarne Villanger og Ragnhild f. Torsvik.
- 20.2. Hege Sangolt, for.: John Norvald Rødbotten og Bjørg f. Sangolt.
- 20.2. Hege, for.: Willy Soltvedt og Ase f. Selbakk.
- 28.2. Grete, for.: Asbjørn Padøy og Ruth f. Kallevåg.
- 28.2. Eivind, for.: Eilif Johannes Birkeli og Marit Jorunn f. Havre.
- 6.3. Frode, for.: Magne Gaasdal og Turid f. Gjellesvik
- 6.3. Eirik, for.: Nils Oddvar Nesje og Bjørg Kirsten f. Bruvik.
- 6.3. Lars Aage, for.: Lars Olsen og Bodil f. Huse.
- 6.3. Kjersti, for.: Jan Wallem og Anne Karin f. Eikanger.
- 6.3. Janne Karin, for.: Reidar Jarland og Ase Karin f. Sandvik.
- 13.3. Hilde, for.: Otto Hellegård og Magna Alette f. Aasen.
- 13.3. Randi, for.: Tolleiv Skeide og Gerd f. Lidal.
- 13.3. Ronny, for.: Olav Jonny Christopher- sen og Grete f. Rosendahl.

- 14.3. Nils Magne, for.: Lars Garnes og Margot f. Herland.
- 13.3. Jarle, for.: Lasse Borgen og Else Marie f. Arnesen.
- 21.3. Tor-Einar, for.: Helge Johnsen og Wenche Ellinor f. Arnesen.
- 21.3. Inger Johanne, for.: Lars Aakre og Evelyn f. Haldorsen.
- 21.3. Anne, for.: Svein Roger Mostuen og Eldbjørg f. Tveiterås.
- 28.3. Nina Johanne, for.: Clas Gøran Nilsson og Karin f. Larsen (Døyppt i Strusshamn kyrkje).
- 21.3. Hanne Merete, for.: Johannes Mor- ken og Ingrid f. Ahnger. (Døyppt i Bardu kyrkje).

VIGDE:

- 27.2. Annfred Fjeldby og Oddlaug Sjursen (Vigde i Domkyrkja.)
- 6.3. Bjarne Kristian Langeland og Nor- dis Østvik. (Vigde i Adland kyrkja).
- 12.3. Jan Rude Bjørke og Sidsel Hopsdal. (Vigde i St. Olav.)
- 13.3. Arne Gudmund Hjartnes og Solbjørg Kvam.
- 3.4. Sverre Emil Lindøe og Aud Berit Skjoldal.
- 3.4. Leiv Kalsaas og Petra Kristine Maur- set.
- 3.4. Thor Indreane og Britt Songstad Karlsen.

AVLIDNE:

- 20.2. lærar h.v., enkjemann Lars Adna f. 1884.
- 20.2. hushaldar h.v., ugift Klara Margret- he Rogne f. 1893.
- 25.2. arbeidsmanns enkja Ingeborg Vikne f. 1892.
- 10.3. furer, enkjemann Edvard Røen f. 1887.
- 13.3. gift gbr. Leif Arthur Borge f. 1901.
- 24.3. gift lastebileigar Martin S. Mjelde f. 1913.

DØYPTE I YTRE ARNA SOGN:

- 17.1. Hallgeir, foreldre: Hjalmar Aanesen og Erna f. Bøe.
- 15.11. Geir, for.: Jan Hernes og Aud f. Lud- vigsen.
- 15.11. Fredrik, for.: Per Leira og Ingeborg f. Nesje.
- 15.11. Hilde Anita, for.: Lars Vold og Mål- frid f. Rong.
- 22.11. Lena, for.: Odd Skadal og Marta f. Koppen.
- 6.12. Kristin, for.: Leidulv Brunborg og Sigrid f. Ramnefjell.
- 26.12. Kristine, for.: Svein Johnsen, og Sid- sel Marie f. Roang.
- 24.1. Leif Terje, for.: Ole Mortensen og Birte f. Valtelen.
- 24.1. Helge, for.: Guttorm Nerås og Liv f. Breidvik
- 24.1. Sverre, for.: Arne Akselberg og Aud f. Hansen.
- 31.1. Anette, for.: Jan Herland og Karin f. Vognstølen.
- 31.1. May Hellen, for.: Henry Antonsen og Marit f. Davanger.
- 14.2. Jan Cato, for.: Jan Martin Henriksen og Reidun f. Havre.
- 21.2. Gina Beate, for.: Odd Kvale og Mål- frid f. Nordbø.
- 25.2. Hege, for.: Øyvind Berland og Synni f. Mjelde.
- 25.2. Merete, for.: Arne Birkeland og Gull- borg f. Grøttå.
- 20.2. Hege, for.: Willy Soltvedt og Ase f. Selbak.

VIGDE:

- 7.11. Gunnar Fred Olsen og Borgny Rol- land.
- 31.12. Egil Rysjedal og Mildrid Hildur Lar- sen.
- 27.2. Arild Olsen og Evelyn Fonn.
- 27.2. Nils Per Lidtun og Ingeborg Marta Ryum.

- 6.2. Harald Gjerstad og Mary Frances Maloney.
- 20.2. Jon Presttun og Torill Nina Skulstad.

AVLIDNE:

- 3.12. pensjonist Oskar Monrad Kalsås f. 1901.
- 5.12. tidl. lærerinne Magnhild Leine f. 1909.
- 25.12. pensjonist Ole L. Ytrearne f. 1894.
- 17.1. husmor Karen Hannisdal f. 1890.
- 12.2. offiser i Frelsesarmeen Mikal Mon- sen f. 1894.
- 25.2. enkja Ingeborg Vikne f. 1892.
- 26.2. barn Bjørn Atle Kronen f. 1961.
- 26.12. tidl. bonde Edvard Kvamme f. 1884.

Han på krossen, han åleine

Jesus er ikkje den einaste uskuldige som hev lide ein forbryter sin død. Det hev hendt uteljande mange.

Det uvanlege er noko heilt anna: Det nemleg at lidinga og døden hans var ei herleggjering: *Aldri var Jesus større i sitt jordeliv enn då.* Større kan ingen vere enn han var då.

Kan t.d. nokon dødeleg tilby ein forbryt- ar plass i Paradis i den augneblink dei baa døyr? Umogeleg.

Kan nokon dødeleg samanlikne seg med eit grønnskande tre? Umogeleg. For soleis kan berre Guds son tale.

Kan nokon dødeleg fyrsegje si oppstode nokre dagar etter døden? Umogeleg. Det kan berre Guds son.

Kan nokon dødeleg ta på seg å bere heile verdi si synd? Umogeleg. Enten var Jesus galen. Eller var han Gud.

M. H.

Klokkardiakonen

Thor Storerud er å finna kvar dag frå kl. 12.00 — 13.00 i kontoret sitt på Seim, Indre Arna. Telefon nr. 40 700.

**ALT I
GRAV-
MONUMENTER**

Espeland Gartneri

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
Telefon 40809 — Espeland



SPAREBANKEN —

Banken for innskytarane

er skipa for å stå til teneste for Dykk, og vi ville gjerne at De kom innom banken slik at vi kunne fortelje Dykk korleis De kan nytte denne tenesta. **Velkomen i banken**

HAUS SPAREBANK

I min forretning

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp



5260 Indre Arna — Tlf. 40 496

J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.

Sport og camping.

Glass og steintøy.

STØRRE BARNETRYGD

Barnetrygda vert no utbetalt kvar måned
La pengane gå direkte inn på konto i
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken
kva kontotype som passar best.
Pengane står alltid til disposisjon.
Rente opp til 5 pst. p.a.

ARNA PRIVATBANK

Alt i bøker, papir, gramo-
fonplater og leiker får De
hos

F. BEYER

Bok og papirhandel
Indre Arna

Preikelista

Palmesundag

Arna. Soknepresten. Ytre Arna. Res. kap. Nattverd.

Langfredag:

Arna. Res. kap. Ytre Arna Soknepresten.

1. påskedag:

Arna. Soknepresten. Ytre Arna. Res. kap.
Trengereid. Soknepresten.

1. søndag e. påske:

Arna. Overhøyring. Soknepresten og Kateketen.
Ytre Arna. Res. kap. Hope.

2. søndag e. påske:

Arna. Konfirmasjon. Soknepresten.
Trengereid: Res. kap.

3. søndag e. påske:

Arna. Konfirmasjon. Soknepresten.
Ytre Arna. Hope.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsfører: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —